

Ulovleg levering av uadressert reklame

Eg har fått uadressert reklame frå dykk til tross for at eg tydeleg har merka denne med at uadressert reklame er uønskt.

Reservasjonen mot uadressert reklame medfører at dykkar levering av uadressert reklame er i strid med marknadsføringslova § 17 første ledd. Regelen forbyr næringsdrivande å levere ut uadressert reklame til forbrukarar som tydeleg har vist at dei motset seg dette.

Eg ber om at de respekterer reservasjonen min mot uadressert reklame slik at eg slepp fleire uønskte og lovstridige leveringar frå dykk.

Eg gjer dykk merksam på at eg også har sendt ein klage til Forbrukarombodet.

På førehand takk.

Med vennleg helsing,